



Volda kommune

Dato: 07.01.2022

*FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.*

## **FRILUFTSLOVA – BETALING FOR TURPARKERING PÅ RESET**

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om ålmenta sine rettar samt gratisprinsippet i vår unike friluftslov. Vi viser her til vårt skriv av 14.12.2021 om turparkeringsavgift sendt til alle kommunane i fylket vårt.

Vi er no tipsa om at det blir teke avgift for turparkering på Reset i Volda kommune. Dette er også omtala i avisa Møre 9 des. 2021 forstår vi. Slik vi er opplyst er parkeringsplassen ved skisenteret ikkje berre brukt til alpinanlegget, men også til turparkering knytt til sykling, toppturar, turgåing på ski eller til fots.

Friluftskartlegging i regi av Volda kommune viser at området er verdsatt som «*Svært viktig friluftslivsområde - Områdetype: Leke- og rekreasjonsområde*». Det ligg også eit statleg sikra friluftsområde på Reset (sjå <https://faktaark.naturbase.no/?id=FS00000273>).

**FNF Møre og Romsdal stiller spørsmål om avgifta som er innført på Reset i Volda kommune er lovleg jfr friluftslovens § 13 og § 14. FNF Møre og Romsdal ber Volda kommune om ein uttale om den omtalte parkeringsavgifta på Reset er lovleg jfr friluftslovens § 20 ledd c.**

Helsing

Ingbjørn Bredeli  
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal